

# Vurderingsrettleiing

2011

SPR3020 Reiseliv og språk 2  
Til sentralt gitt skriftleg eksamen

# Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2011

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Vurderingsrettleiinga består av ein generell del (del 1), som gjeld for eksamen i alle fag, og ein fagspesifikk del (del 2).

## Del 1

### Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen varer i 5 timar. Så langt det er mogleg, bør sentralt gitt eksamen vere [IKT-basert](#).

Sentralt gitt skriftleg eksamen kan organiserast med eller utan førebuingdag. Om det er førebuingdag til eksamen i eit fag, går fram av del 2 i vurderingsrettleiinga.

På førebuingdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Førebuingdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan eleven samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

### Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

Sentralt gitt eksamen kan følgje to ulike modellar. Kva for hjelpemiddel som er tillatne, er avhengig av kva for ein av dei to modellane som er vald.

- Modell 1 – Eksamen

Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

- Modell 2 – Todelt eksamen

Del 1 – Skrivesaker, passar, linjal med centimetermål og vinkelmålar er tillatne.

Del 2 – Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

Den fagspesifikke delen av vurderingsrettleiinga gir informasjon om kva modell som blir brukt i det enkelte faget.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

### Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse kjeldene førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at

kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

## Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

*Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.*

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller ei kompleks oppgåve.<sup>1</sup> Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.<sup>2</sup>

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i alle læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor kunne prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen. Grunnleggjande ferdigheiter utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag.

## Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikna på måloppnåing i den fagspesifikke delen av vurderingsrettleggane beskriv nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for eit bestemt fag til skriftleg eksamen.

---

<sup>1</sup> St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

<sup>2</sup> Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3.

## Del 2    SPR3020 Reiseliv og språk 2

### Formålet med faget

Programfaget reiseliv og språk skal fremje kommunikasjon og kulturforståing i møte mellom ulike kulturar i reiselivsbransjen og dermed medverke til utvikling og verdiskaping i ei internasjonal reiselivsnæring.

### Eksamensordning

**Førebuingstid:**            1 dag

**Eksamen:**                    5 timar sentralt gitt eksamen med sentral sensur

Eksamen er organisert med ein førebuingstid og ei 5 timars skriftleg prøve. På førebuingstida blir elevane kjende med temaet for eksamensoppgåva. Eleven kan i tillegg få utdelt tekstar og anna kjeldemateriell. Eleven vil få beskjed om å førebu seg på ulike problemstillingar i tilknytning til tema, tekstane og kjeldene.

Tekstar og kjeldemateriell i førebuingstida kan vere på norsk eller engelsk. Svaret skal skrivast på norsk/samisk.

### Hjelpemiddel

På førebuingstida er alle hjelpemiddel tillatne. I førebuingstida kan elevane samarbeide og hente inn informasjon. På eksamensdagen er alle hjelpemiddel tillatne. Unntak er Internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon.

### Kjelder

Kjelder er tekstar som er tilgjengelege for andre, dvs. publiserte tekstar. Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret sitt – anten fordi oppgåva krev det, eller fordi eleven vel å bruke kjelder, må desse førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det vesentlege er at alle kjelder som blir brukte til eksamen, skal førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

For at sensor skal finne fram til kjeldene bør eleven føre opp kjelder undervegs i svaret sitt.

## Kompetanse som blir vektlagd i vurderinga av skriftlege eksamenssvar

Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen” (frå forskrifta til opplæringslova § 3-25). Dette inneber at det er det eleven sjølv produserer på eksamensdagen, som skal takast opp til vurdering i faget.

Det blir lagt vekt på at svaret er relevant i høve til oppgåva. Det blir ikkje sett bestemte krav til lengdeavgrensingar, men oppgåva vil bli vurdert ut frå kvalitet og ikkje kvantitet. Eit godt svar skal vere presist – ikkje utflytande.

Sensor vil vurdere kva eleven kan, framfor å finne ut kva eleven ikkje kan.

Eit godt svar er prega av at eleven

- svarar på det oppgåva spør etter. Det vil seie å tolke spørjeverbet riktig (for eksempel beskrive, presentere, gjere greie for, vurdere og drøfte).
- viser fagkunnskap og knyter den til eksemplet/temaet på ein god måte
- viser sjølvstendig tenking
- viser at han har oversikt over sentrale samanhengar i lærestoffet
- viser evne til kjeldekritikk og kan trekkje ut relevant innhald frå ulike kjelder

	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Språk og kultur	<p>Eleven kan:</p> <p><b>Interkulturell forståing og kommunikasjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• uttrykkje egne meiningar om verdien av interkulturell forståing og respekt</li> <li>• presentere sentrale destinasjonar på ein enkel og tilfeldig måte, bruke éi eller få kjelder</li> </ul> <p><b>Kulturhistorie:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• formidle tilfeldige emne frå norsk og samisk kulturhistorie og kulturliv ved å bruke éi eller få lett tilgjengelege kjelder</li> </ul> <p><b>Reiselitteratur og dagsaktuelle emne:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• trekkje ut sporadisk innhald i reiselitteratur og uttrykkje egne meiningar om reiseskildringar frå tidlegare tider</li> <li>• uttrykkje personlege meiningar og erfaringar om dagsaktuelle og reiselivsfaglege emne</li> </ul>	<p>Eleven kan:</p> <p><b>Interkulturell forståing og kommunikasjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke fagkunnskap for å seie noko om verdien av interkulturell forståing og respekt</li> <li>• presentere noko informasjon om sentrale destinasjonar, bruke fleire kjelder</li> </ul> <p><b>Kulturhistorie:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• formidle emne frå norsk og samisk kulturhistorie og kulturliv ved hjelp av fleire kjelder</li> </ul> <p><b>Reiselitteratur og dagsaktuelle emne:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• trekkje ut innhald i reiselitteratur og bruke fagkunnskap for å seie noko om samanhengen med den tida dei er skrivne i</li> <li>• bruke fagkunnskap til å gi grunngitte vurderingar av dagsaktuelle og reiselivsfaglege emne</li> </ul>	<p>Eleven kan:</p> <p><b>Interkulturell forståing og kommunikasjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• drøfte verdien av interkulturell forståing og respekt</li> <li>• presentere relevant stoff om sentrale destinasjonar, bruke fleire kjelder</li> </ul> <p><b>Kulturhistorie:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• formidle dei mest relevante emna frå norsk og samisk kulturhistorie og kulturliv ved hjelp av fleire kjelder</li> </ul> <p><b>Reiselitteratur og dagsaktuelle emne:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• trekkje ut hovudinnhaldet i reiselitteratur og drøfte tida dei er skrivne i</li> <li>• drøfte dagsaktuelle og reiselivsfaglege emne</li> </ul>

<b>Reiselivsutvikling</b>	<p><b>Eleven kan:</b> <b>Føresetnader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• gi ei delvis forklaring på historiske føresetnader for reiselivet og uttrykkje personlege meiningar og erfaringar om i kva grad reiselivsprodukt blir påverka av geografiske og klimatiske tilhøve</li> </ul> <p><b>Verknader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• drøfte positive og negative verknader av reiselivsprodukt ved hjelp av eigne meiningar og erfaringar og beskrive reiselivet si verdiskaping med enkle ord</li> </ul> <p><b>Samfunnsutviklinga:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ta stilling til korleis utviklinga i reiselivet heng saman med samfunnsutviklinga ved å uttrykkje eigne meiningar og seie noko om moglegheiter for innovative reiselivsprodukt i Noreg</li> </ul> <p><b>Miljø:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kartleggje ved å bruke éi eller få kjelder og ved hjelp av eigne meiningar ta stilling til korleis reiselivsnæringa blir påverka av globale miljøkrav</li> <li>• foreslå overflatiske tiltak på kva som kan gi ei berekraftig utvikling av reiselivsprodukt</li> </ul> <p><b>Presentasjon/formidling:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke oversikter over kulturarv og naturattraksjonar i planlegging av reiser på ein enkel måte</li> <li>• på ein enkel og tilfeldig måte presentere ein destinasjon / eit reiselivsprodukt med vekt på historiske og geografiske føresetnader, bruke éi eller få kjelder</li> </ul>	<p><b>Eleven kan:</b> <b>Føresetnader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• gi ei forklaring ved hjelp av eksempel på historiske føresetnader for reiselivet og bruke fagkunnskap for å seie noko om i kva grad reiselivsprodukt blir påverka av geografiske og klimatiske tilhøve</li> </ul> <p><b>Verknader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke fagkunnskap for å grunnngi både positive og negative verknader av reiselivsprodukt og beskrive reiselivet si verdiskaping gjennom eksempel</li> </ul> <p><b>Samfunnsutviklinga:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ta stilling til korleis utviklinga i reiselivet heng saman med samfunnsutviklinga ved å bruke fagkunnskap og sjå fleire sider av moglegheitene for innovative reiselivsprodukt i Noreg</li> </ul> <p><b>Miljø:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kartleggje ved å bruke fleire kjelder og ved hjelp av fagkunnskap ta stilling til korleis reiselivsnæringa blir påverka av globale miljøkrav</li> <li>• foreslå gjennomførbare tiltak som kan gi ei berekraftig utvikling av reiselivsprodukt</li> </ul> <p><b>Presentasjon/formidling:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke oversikter over kulturarv og naturattraksjonar i planlegging av reiser på ein grei måte</li> <li>• beskrive ein destinasjon / eit reiselivsprodukt med vekt på historiske og geografiske føresetnader, bruke fleire kjelder, vise oversikt</li> </ul>	<p><b>Eleven kan:</b> <b>Føresetnader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• gjere greie for historiske føresetnader for reiselivet og drøfte korleis reiselivsprodukt blir påverka av geografiske og klimatiske tilhøve</li> </ul> <p><b>Verknader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• drøfte verknader av reiselivsprodukt og gjere greie for reiselivet si verdiskaping gjennom fagleg gode eksempel</li> </ul> <p><b>Samfunnsutviklinga:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vurdere korleis utviklinga i reiselivet heng saman med samfunnsutviklinga og diskutere moglegheiter for innovative reiselivsprodukt i Noreg</li> </ul> <p><b>Miljø:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kartleggje ved å bruke fleire relevante kjelder og vurdere korleis reiselivsnæringa blir påverka av globale miljøkrav</li> <li>• foreslå gjennomførbare og effektive tiltak som kan gi ei berekraftig utvikling av reiselivsprodukt</li> </ul> <p><b>Presentasjon/formidling:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke oversikter over kulturarv og naturattraksjonar i planlegging av reiser på ein tilpassa og sjølvstendig måte</li> <li>• presentere ein destinasjon / eit reiselivsprodukt med vekt på historiske og geografiske føresetnader, bruke fleire kjelder for å vise sentrale samanhengar</li> </ul>
---------------------------	--	---	---

Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)